



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Tertialrapport 2 og budsjettrevisjon 2025

Vedlegg

- 1 Vinje kommune - rapport langsiktige finansielle aktiva per 31.08.2025
- 2 Vinje kommune - gjeldsrapport per 31.08.2025
- 3 Sjukeheimen - rapport 2. tertial

Dokument i saka

Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 – 2028

https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2025/vinje_gmltenant/a47c4e9a-d474-4924-882d-0ea4a98469ff/mr-202508-andretertia/#/home

Bakgrunn

Kommunelova, forskrifter og økonomireglement legg opp til tertialvis rapportering til formannskap og kommunestyre. Tertialrapport for månadene mai til august inneheld økonomirapport og samandrag av rapportane frå tenestekområda. Kommunedirektøren legg også fram forslag til justeringar av 2025-budsjettet.

Vurdering

Revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram i mai og som fylgje av dette vart KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot oppdatert. I etterkant av dette og det som vart lagt fram i fyrste tertial, kom partia til einigheit som medførte nokon fleire endringar. Satsane for barnehagebetaling vart kraftig redusert med effekt frå nytt barnehageår, og for Vinje kommune utgjorde dette ei auke i rammetilskot med kr 680.000. Dette bør i sin heilskap tilførast budsjetttrammene til barnehagane. I tillegg vart rammetilskotet auka med ytterlegare kr 1,5 mill., hovudsakleg knytt til auka pensjonskostnader. Det har vore uttalt frå sentralt hald at auken i pensjonskostnader blir kompensert fullt ut gjennom rammetilskotet. For Vinje kommune blir under 1/3 av auken kompensert. Me er ein relativt liten kommune, med fleire årsverk per innbyggjar enn store bykommunar. I tillegg har eit høgt inntektsnivå ført til at me

har ein høgare ressursbruk enn samanliknbare kommunar, som går fram både av KOSTRA-tal og rapporten frå Agenda Kaupang i 2024 innom helse og meistring. Auken i pensjonskostnader blir såleis høg, og kompensasjonen dekker ikkje desse tilhøva. På makronivå blir auken dekt av rammetilskot, men truleg er det då ei rekke kommunar med høge innbyggartal og ein annan kostnadsnøkkel som vil koma gunstigare ut av denne fordelinga.

Oppdatert prognosemodell viser uendra samla skatteinntekter. Dei siste åra har ein sett at naturressursskatten utgjer ein mindre av samla skatteinntekter enn tidlegare år, og ein rår til at splitten mellom naturressursskatt og skatt på inntekt og formue blir endra slik:

- Skatt på inntekt og formue aukar med kr 2,5 mill.
- Naturressursskatt blir redusert med kr 2,5 mill.

I budsjettet for 2025 vart det teke høgde for lønsvekst i tråd med føringane i statsbudsjettet, og forventa lønsvekst var då på 4,5 %. I slutten av mai kom partane til semje, og lønsoppgjøret har ei forventa ramme på 4,4 %. Lokale lønsforhandlingar er ikkje ferdige enno, og ved behov lyt ein koma attende til dette i sluttjusteringa av 2025-budsjettet.

Kommunens kraftinntekter er som i fjor meir stabile enn tidlegare år, ettersom mykje av kraftmengda var sikra før ein gjekk inn i det nye året og ein heller ikkje har sett like store prissvingingar som for eit par år sidan. Så langt i år er gjennomsnittleg spotpris i NO2 (vårt prisområde) på 75,6 øre/kWh. Dersom ein tek omsyn til at kommunen får tildelt kraft over månadsblokkmodellen (meir volum om vinteren) har korrigert gjennomsnittspris så langt i år vore 75,8 øre/kWh. Gjennomsnittspris for portefølja vår slik status er per 31.08.2025 viser ein pris på 80 øre/kWh. For året er ca. 83 % av kraftmengda sikra, og budsjettet netto inntekt blir halde uendra på kr 85 mill. Prognosa frå Ishavskraft ved utgangen av august viser ei inntekt på kr 92 mill., men det er knytt usikkerheit til forbruket til alminneleg forsyning innanfor kommunegrensa i 2025. Me har meldt uttak i år på 138 GWh, basert på prognoser frå kraftlaga hausten 2024. Forbruket i 2024 vart noko lågare enn forventa, og enda på 132,2 GWh. Ved utgangen av august kan det sjå ut til at forbruket kan ende på eit lågare nivå enn fjoråret, og i tilfelle må kommunen betale eit etteroppgjer til KKST. Dette etteroppgjøret kan koma til å bli på om lag kr 5 mill. dersom ein legg endelege forbrukstal frå 2024 til grunn for 2025. Me vil kome attende til dette i sluttjusteringa av 2025-budsjettet. Korleis ver og temperatur blir utover hausten og vinteren spelar ei stor rolle, i tillegg til at andre faktorar som påverkar prisenivået også med stort sannsyn medfører endra forbruk.

Kommunedirektøren understrekar at det framleis er knytt noko usikkerheit til prognose for resten av året, ettersom alt volum ikkje er sikra på noverande tidspunkt og forbruket som nemnt over svingar ein del meir no enn tidlegare år. Ein bør halde av midlar på fond til å kunne dekkje eventuelle svingingar for resten av året, samt vera restriktiv med tanke på nye løyvingar som ikkje er lovpålagt.

Budsjetterte inntekter frå KKST (Konsesjonskraftstyret i Telemark) vert lagt på nivå med revidert budsjett vedteke av styret i KKST, og viser ei auke med kr 4,7 mill. for Vinje. Revidert budsjett for Vinje sin del utgjer kr 44,7 mill. I tillegg kan budsjettet aukast med ytterlegare kr 360.000, der hovuddelen er knytt til underrapportering av straumforbruket i Fyresdal over ein lengre periode.

Likviditetssituasjonen til kommunen har vore betre enn budsjettert i fyrste del av året, men det er venta at investeringsprosjekta kjem i full gang frå våren, som vil auke utbetalingane dei neste månadene og likviditeten vil fylgjeleg bli redusert. Det ser likevel ut til at me kan auke budsjetterte renteinntekter med kr 1 mill.

Fondsportefølja ligg an til ei høgare avkastning enn budsjettert, og budsjettet kan aukast med kr 900.000.

Me har hatt fleire investeringsprosjekt over noko tid som vart ferdigstilt i 2024 og såleis startar avskrivning i 2025. Gjelda auka samstundes med nær kr 50 mill. i fjor. Samla effekt gjer at minimumsavdrag går ein god del opp, frå budsjettert kr 26 mill. til nærare kr 28 mill. Som omtala i budsjettsaka, så blir avdrag bestemt ut frå tilhøvet mellom årets avskrivningar, inngåande verdi av anleggsmidlar og inngåande verdi av gjeld. Endeleg minimumsavdrag er såleis ikkje kjent før årsrekneskapen for førre år er avlagt.

Korttidsfråværet for andre tertial i år er likt med andre tertial 2024. Langtidsfråværet har derimot auka noko, men det er avdekt nokre feilregistreringar av ferieavvikling og sjukefråvær som ser ut til å påverke tala for juli i noko grad. Det samla fråværet har vorte redusert frå januar til august, frå 9,3 % til 7,2 %. Tal for heile året 2024 viste 7,64 %, medan tala for 2025 ved utgangen av august viser 9,0 %.

Så langt i 2025 er det helse og meistring, oppvekst og reinhald som har det høgaste sjukefråværet med høvesvis 9,5 %, 10,1 % og 14,1 %, medan organisasjon og innovasjon og kultur, næring og fritid er blant dei tenesteområda som har det lågaste fråværet med høvesvis 4,2 % og 5,7 %. Sjå ytterlegare kommentarar for kvart tenesteområde i den digitale tertialrapporten i Framsikt.

DRIFT

Dei sentrale inntektene endrast slik:

- Rammetilskot kan aukast med kr 2,225 mill. i tråd med KS sin prognosemodell.
- Andre statlege overføringar kan aukast med kr 2,3 mill., som gjeld rentekompensasjonsordninga frå Husbanken knytt til skular, sjukeheim/omsorgsbustader og kyrkjeleg fellesråd.
- Avdragsbetaling må aukast med kr 2 mill., basert på endeleg utrekning av minimumsavdrag. Kommunen har hatt fleire investeringsprosjekt over lengre tid som vart ferdigstilt i 2024 og såleis startar avskrivning i 2025. Gjelda auka samstundes med nær kr 50 mill. i fjor.
- Renteinntekter kan aukast med kr 1 mill. ettersom rentenivået har halde seg høgare i lengre tid enn budsjettet tok høgde for, i tillegg til at kommunen har hatt ein betre likviditet så langt i år enn estimert.
- Avkastning på fondsportefølja vår kan aukast med kr 900.000, i tråd med prognoser frå Bergen Capital Management AS. Dette svarar til ei avkastning på 7,4 % for året, samanlikna med 3 mnd NIBOR som har halde seg rundt 4,7 % så langt i år.
- Inntekter frå KKST til næringsfond blir auka med kr 5.060.000.

Dei ulike tenesteområda er nærare omtala i den digitale tertialrapporten i Framsikt.

Det er behov for fylgjande korrigeringar i tenesteområda:

- Kommunedirektøren
 - Heimdal-tomta er kjøpt tilbake i tråd med inngått utbyggingsavtale. Kommunen har også overtatt sikringsgjerdar rundt byggegropene. Samla utgift er kr 1.720.000.

Investeringsprosjektet knytt til kjøp av bustader vil bli nedjustert med kr 3.450.000, knytt til kommunens engasjement i Heimdal-prosjektet med ei leilegheit

- I vår hadde kommunen ute ein fyrste utlysingsrunde for utleigebustader med tilvisingsavtale. Kommunen fekk ingen konkrete tilbod innan fristen, og etter at utvida frist har gått ut så ligg det framleis ikkje føre nokon konkrete tilbod. Tomta har også vore annonsert på marknadsplassen Finn.no, utan respons. Det blir arbeidd vidare med offentleg-private samarbeid, med mål om å få på plass ei avtale for utbygging av utleigebustader. Det kan koma på utgifter i samband med dette arbeidet, då det truleg vil vera behov for ekstern konsulentbistand
- Helse og meistring
 - Kommunestyret vedtok i september 2024 i samband med sak om framtidig organisering av legevakta at ei sjukepleiarstilling skulle innarbeidast i budsjettet for 2025. Dette vart ikkje innarbeidd, og det er naudsynt med ei budsjettauke til dette føremålet på kr 885.000
 - Ved legekantoret er det naudsynt å tilføre differansen mellom det NAV refunderer ved sjukefråvær/foreldrepermisjon (inntil 6G) og faktiske vikarutgifter. For 2025 utgjør dette kr 1.780.000
 - Det er lagt ved eit eige notat om stoda ved sjukeheimen, og utvikling sidan sist rapportering knytt til 1. tertial. Meirforbruket på rapporteringstidspunktet er kr 5.770.000. Ved utgangen av september er meirforbruket på kr 5.650.000. Verksemda har noko uteståande sjukelønsrefusjonar og brukarbetalingar. Kommunalsjefen skriv i si omtale at det vil bli svært vanskeleg å hente inn dette meirforbruket utan at det går på kostnad av tenestetilbodet
 - Heimetenestene har også eit betydeleg meirforbruk på rapporteringstidspunktet på kr 3.900.000, og ved utgangen av september har dette auka ytterlegare. Det er sett i gang arbeid med ny gjennomgang av lønsbudsjetta og det blir arbeidd med tiltak. Lønsutgiftene har auka monaleg utover i året
 - Samla ber helse og meistring om å få auka budsjettramma si med kr 2.665.000.
- Oppvekst
 - Gjesteelevar frå Vinje kommune som får tilbod i andre kommunar medfører ei ekstra utgift i år med kr 1,5 mill. Dette tiltaket vil ha budsjettkonsekvens i åra framover og blir innarbeidd i budsjettet for 2026 og framover
 - Redusert pris for barnehagebetaling gjer til at barnehagane bør få tilført kr 680.000, slik det går fram av revidert nasjonalbudsjett. Vedtektene for Vinje-barnehagen skildrar også inntektsregulert betaling og gratis tilbod for t.d. foreldre i introduksjonsordninga, og fleire barnehagar melder om lågare forventa inntekter i år som fylgje av desse ordningane enn budsjettet tek høgde for
 - I tillegg har oppvekst meldt inn noko auka ressursbehov i Edland barnehage og Rauland skule knytt til born/elevar med særskilde behov. Som det går fram av rapporteringa frå oppvekst skal dei gjera ein del interne budsjettjusteringar mellom barnehagar og skular i oktober, og det blir difor ikkje rådd til at det vert teke høgde for dette no, då det truleg kan løysast innanfor samla budsjettramme
Dette gjeld også status på nokre av innsparingstiltaka i oppvekst (knytt til redusert opningstid, talet på friplassar og mat for tilsette som et med born/elevar) der det går fram at det ikkje vil bli mogleg å hente inn heile den effekten som var førespegla. Oppvekst har rekna dette til kr 350.000, men kommunedirektøren rår til at ein eventuelt kjem attende til dette i sluttjusteringa av 2025-budsjettet
 - Samla ber oppvekst om å få auka budsjettramma si med kr 2.180.000

Oppsummert rår kommunedirektøren til følgjande endringar av driftsbudsjettet:

	Endring
Rammetilskot	-2 225
Andre statlege overføringar	-2 300
Avdrag	2 000
Renteinntekter	-1 000
Avkastning fondsportefølje	-900
Kraftinntekter KKST	-5 060
Oppvekst	2 180
Kommunedirektør	1 720
Helse og meistring	2 665
SUM	-2 920

Tabell 1

Legg ein saman endringane i tabellen blir resultatet som følgjer:

- Auka bruk av disposisjonsfond med kr 420.000.
- Auka bruk av konsesjonsavgiftsfondet med kr 1.720.000 (Heimdal).
- Styrking av næringsfond med kr 5.060.000.

INVESTERINGAR

Når det gjeld investeringsbudsjettet er det trong for å gjere justeringar på nokre prosjekt. Dette er gjort nærare greie for i kommentarfeltet i tabell 2 under. Hovudsakleg dreiar det seg om nedjusteringar, då fleire prosjekt har fått ein lågare totalkostnad enn budsjettert.

Prosjektnamn	Revidert budsjett	Rekneskap	Avvik	Justering	Kommentar
Datasenter VTDS fellesskap Vinjes andel F120	303 168	215 171	-87 997		
Utstyr heimetenesene og legekantor	191 935	-	-191 935		
Kullen bak Helsesenteret	250 000	211 719	-38 281		
Beredskapslager og sivilforsvaret F338	734 361	76 605	-657 756		
Forprosjekt ombygging bankbygget	8 290 918	1 503 844	-6 787 074		
Forprosjekt Rauland skule F222	1 008 291	47 250	-961 041		
Åmot skule småskulen F222	19 852 711	18 797 568	-1 055 143	-800 000	Ferdigstilt, står att noko mindre fakturering
Forprosjekt Edland barnehage	-	246 347	246 347	250 000	Seint innkommen faktura. Må oppjusterast.
Norheimstunet F261	24 786 233	7 745 562	-17 040 671		
Forprosjekt sjukeheim/omsorgssenter Åmot F261	694 660	232 062	-462 598		
Kjøp av Bratlandsbygget F261	24 000 000	-	-24 000 000		
Kjøp av bustader F265	6 493 381	-	-6 493 381	-3 450 000	Nedjustering knytt til Heimdal-prosjektet
Utkjøp leasing-bilar	3 000 000	2 742 004	-257 996		
First responder utrykningskøretøy	1 500 000	1 408 398	-91 603		
Flaumsikring Edland F332	8 465 715	4 866 777	-3 598 938	-2 300 000	Ferdigstilt, står att slutfaktura
Kommunale vegar beredskapstiltak F332	2 114 860	520 937	-1 593 923		
Grunnerverv og detaljprosjektering G/S Austbø	1 000 000	-	-1 000 000		
Trafikksikringstiltak Drotning	874 250	160 663	-713 587	500 000	Høgt prisa anbod. I hovudsak grunna trafikkawikling.
Forprosjekt GS/VA Raulandsgrend	300 000	-	-300 000		
Bru Sagvegen	743 964	463 439	-280 526	-200 000	Ferdigstilt, står att noko mindre fakturering
GS/VA Rauland sentrum Lega	5 006 370	4 029 297	-977 073	-800 000	Ferdigstilt, står att noko mindre fakturering
Opprusting kommunale vegar TBA	1 000 000	1 097 054	97 054		
Opprusting kommunal veg bustadfelt Åmot	3 300 000	65 201	-3 234 799		
Bustadfelt Øvre Heddebru / Midtveit	10 000 000	3 773 596	-6 226 405		
Forprosjekt overvasshandtering Heddebru-Midtveit	300 000	-	-300 000		
Påbygg brannstasjon Rauland	3 500 000	-	-3 500 000	700 000	Anbod høgare prisa enn budsjettert.
Vatn ledningsnett generelt F345	1 691 636	60 222	-1 631 414	-1 000 000	Lekkasje på hydrant mellombels fiksa. Kr 1 mill. må løyvast opp att neste år.
Rauland renseanlegg line 2 F350	1 489 153	259 784	-1 229 370	-700 000	Førebels ferdigstilt. Avventar resterande arbeid fram til krav til nitrogenrensing er avklart.
Forprosjekt nitrogenfjerning	500 000	88 950	-411 051		
Storegutmonument	200 000	200 000	-		
Motortrekk Vinjehuset	400 000	364 346	-35 654		
Verdsarv Rauland sentrum	250 000	-	-250 000	-250 000	Prosjekt utsett til 2026 - må løyvast opp att i 2026.
Aktivitetspark Edland F385	3 250 000	2 074 017	-1 175 983		
	135 491 606	51 250 811	-84 240 795	-8 050 000	

Tabell 2

Summen av justeringane blir ein reduksjon i investeringsbehovet med kr 8.050.000. Av denne summen er det naudsynt å løyve opp att kr 1.250.000 i 2026.

Endra investeringsbehov medfører desse endringane på finansieringssida:

- Kommunen har fått tilsagn frå Husbanken om eit investeringstilskot knytt til ombygging/utviding av Norheimstunet på om lag kr 21 mill. Me søkte om delutbetaling på 40 % ved oppstart, og kr 8,4 mill. vart utbetalt i sommar.
- Diverre har ikkje budsjettert tilskot frå Statkraft knytt til flaumsikringa vorte nedjustert i takt med redusert investeringsbehov. Som det går fram av tabellen over blir investeringsbehovet også nedjustert ytterlegare i denne saka. Det er såleis naudsynt å nedjustere tilskotet til kr 4 mill., som utgjer halvparten av forventa totalinvestering.

- Netto auke i tilskot kombinert med lågare investeringsbehov medfører redusert bruk av konsesjonsavgiftsfond (overføring frå drift til investering) med kr 10.450.000.

For meir informasjon viser me til den digitale tertialrapporten i Framsikt, som ein finn ved å fylgje lenka nemnt øvst under «Dokument i saka». Her ligg det også ei oppsummering av status på verbalvedtak som vart fatta i samband med budsjetthandsaminga i desember.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Tertialrapporten blir godkjent slik den er lagt fram.
2. Driftsbudsjettet endrast slik det går fram av tabell 1 i saka. Dette medfører fylgjande endringar i finansiering:
 - a. Disposisjonsfondet blir redusert med kr 420.000.
 - b. Næringsfondet blir auka med kr 5.060.000.
 - c. Konsesjonsavgiftsfondet blir redusert med kr 1.720.000.
3. Investeringsbudsjettet endrast slik det går fram av tabell 2 i saka, med samla reduksjon av investeringsbehovet i 2025 på kr 8.050.000. Det vil vere naudsynt å løyve opp att kr 1.250.000 i 2026. Finansiering av investeringar blir endra gjennom auka tilskot med kr 2.400.000. og redusert overføring frå drift / redusert bruk av konsesjonsavgiftsfond med kr 10.450.000.